



FAMILIENS HUS – EI DØR INN



**INFORMASJON FRÅ
BJØRNAFJORDEN KOMMUNE**

Innhold

Familiens hus i Bjørnafjorden kommune.....	3
Organisering Familiens hus	4
«Ei dør inn».....	4
Førebyggande helseteneste (FHT).....	5
Barn, unge og familiar (BUF)	5
Barneverntenesta (BVT).....	6
Førebygging og lågterskel	7
Familieteamet	7
Ungdomsteamet	7
Korleis kome i kontakt med Familieteamet og Ungdomsteamet?	7
Laget kring barnet - Tverrfagleg drøftingsteam.....	8
Det tverrfaglege drøftingsteamet består av:	8
Kven kan ta kontakt med tverrfagleg drøftingsteam?	9
Korleis kome i kontakt med tverrfagleg drøftingsteam?.....	9
Illustrasjon av «Ei dør inn» i Familiens hus.....	9




Familiens hus i Bjørnafjorden kommune

Familiens hus er ei samorganisering av fagtenestene til barn, unge og familiar innan oppvekstfeltet i Bjørnafjorden kommune. Tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid er sentrale omgrep i organisasjonsmodellen. Organiseringa kjem som følgje av oppvekstreforma der kommunane er pålagd eit større ansvar for førebygging og tidleg innsats for å sikre barn og unge gode oppvekstvilkår.


Tidleg innsats vert definert som «*tidleg inn i problemutviklinga*», slik at barn, unge og familiar kan få rett hjelp til rett tid.

Tverrfagleg samarbeid. For å lukkast med førebygging og tidleg innsats er ein avhengig av at dei som møter barn, unge og familiar samarbeider. Vår samarbeidsmodell tar utgangspunkt i barnet og familien sine behov. Tidleg oppdaging og ivaretaking av utsette barn og unge er eit fellesansvar. Gjennom ulike tverrfaglege møtepunkt ønsker Familiens hus å bidra til dette.



Organisering Familiens hus

Familiens hus består av tre einingar. Førebyggjande helsetenester (FHT), Barn, unge og familiar (BUF) og Barneverntenesta (BVT). Målet er at barn, unge og familiar, og tilsette som arbeider med denne gruppa, raskt skal kome i kontakt med rett teneste.



«Ei dør inn»

Om ein ønsker kontakt med Familiens hus kan ein:

- Ringa **56 57 51 00**
- Sende epost til: postfamilienshus@bjornafjorden.kommune.no
- Lese meir her: <https://bjornafjorden.kommune.no/helse-og-velferd/familiens-hus/>
- Følge rettleiinga i informasjonen om vårt tenestetilbod som ein finn under.

Førebyggande helseteneste (FHT)

Førebyggande helseteneste sitt mandat er å fremme god psykisk og fysisk helse, fremme gode sosiale og miljømessige forhold, førebygge sjukdom og skader, jamne ut sosiale helseforskjeller og førebygge, avdekke og avverje vald, overgrep og omsorgssvikt. Arbeidet vårt er forankra i lovverk.

Vi skal vere eit lett tilgjengeleg lågterskeltilbod, som skal ha fokus på tidleg innsats og universelle tiltak retta mot enkeltindivid og befolkningsgrupper.

Førebyggande helseteneste møter barn og unge i Bjørnafjorden kommune gjennom eit nasjonalt program med faste konsultasjonar frå svangerskap til ungdomstid. Jordmortenesta tilbyr tenester både i svangerskapet og i barseltida, og vi drifrar to helsestasjonar for born 0-5 år i kommunen. Vi er til stade på alle skulane i kommunen, både grunnskule og vidaregåande opplæring, og gir eit tilbod på ettermiddag til ungdom gjennom Helsestasjon for ungdom. Flyktninghelsetenesta tilbyr tenester til flyktningfamiliar i kommunen.

I tillegg til dei ordinære oppgåvene i helsestasjons- og skulehelsetenesta har vi fleire andre tilbod:

- Trygg start. Dette er eit frivillig og gratis tilbod til familiar som kan ha nytte av tettare oppfølging av jordmor og eller helsesjukepleier i svangerskapet og/eller i sped- og småbarnsperioden.
- Samarbeid med Bergen kommune om «Sammen på vei». Dette er eit frivillig oppfølgingsprogram for kvinner med samansette utfordringar som skal bli mor for første gong.
- Koordinator for barn som pårørande. Koordinator for barn og unge som pårørande har det overordna ansvaret for å fremme og koordinere barn som pårørande arbeidet i Bjørnafjorden kommune og jobbar på system- og individnivå.

Det er ikkje endringar i korleis ein tek kontakt med dei ulike einingane i Førebyggande helseteneste.

Les meir her: <https://bjornafjorden.kommune.no/helse-og-velferd/forebyggande-helsetenester/>

Barn, unge og familiar (BUF)

Barn, unge og familiar er ei ny eining i Familiens hus. Eininga består av følgjande tenester:

- PPT inkludert logopedtenesta
- Pedagogisk fagsenter
- Familieteamet (kommunepsykologar og familierettleiarar)
- Ungdomsteam
- Flyktningtenesta

Eininga Barn, unge og familiar arbeidar med utgangspunkt i ulike lovverk og ansvarsområde. Dette gjev oss eit godt utgangspunkt for å ha fokus på samarbeid på tvers, tenke heilskapleg og å sikre rett hjelp til rett tid. I sum kan dette bidra til at barn, unge og familiar i Bjørnafjorden blir ivaretekne og får den hjelpa dei treng.

Tilsette i eininga møter barn, unge og familiar i ulike samanhengjer avhengig av mandat og tenestetilbod. Ulike møtepunkt i Barn, unge og familiar kan vere:

- PPT har kontaktpersonar i alle barnehagar og på alle skular
- Pedagogisk fagsenter har tilsette som arbeidar utøvande som spesialpedagogar i barnehagar
- Ungdomsteamet er mykje i miljøet på ungdomsskulane og er tilgjengelege for ungdommar på Ung arena og Fjord'n arena
- Kommunepsykologar og familierettleiarar møter barn, unge og familiar gjennom samtalar, rettleiing, oppfølging og/eller på kurs og samlingar
- Flyktingtenesta har hovudansvaret for integreringsarbeidet i kommunen

Les meir her: <https://bjornafjorden.kommune.no/helse-og-velferd/familiens-hus/barn-unge-og-familiar/>

Barneverntenesta (BVT)

«Barneverntenesta skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærlighet og forståelse og at alle barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår» (jf. Lov om barneverntjenester § 1-1).

I Norge er omsorg for, og oppseding av barn foreldra si rett og plikt. Med barn meiner vi personar under 18 år. Barn har krav på omsorg. Dette er i første rekkje foreldra sitt ansvar. Foreldre kan likevel ha behov for hjelp for å ivareta denne oppgåva i korte eller lengre periodar.

Barneverntenesta sitt arbeid omfattar både støtte, hjelp og kontroll. Barneverntenesta skal i første rekke gje hjelp og støtte slik at foreldra sjølv kan ivareta sitt omsorgsansvar. Slik hjelp og støtte kan ein gje i form av ulike hjelpetiltak i heimen, dette kan til dømes vere å gje råd og rettleiing til familien, eller anna hjelp som avlastning, fritidskontakt, og liknande.

Barneverntenesta har òg eit ansvar for å gripe inn dersom hjelpetiltak ikkje er tilstrekkeleg for å sikre god nok omsorg. Dersom eit barn er utsett for vald, overgrep eller andre alvorlege former for omsorgssvikt kan det vere naudsynt å plassere barnet utanfor heimen i kortare eller lengre periodar. Ei slik plassering skal alltid skje i barnet sitt nettverk dersom dette er mogleg. Ei plassering kan skje med eller utan foreldra sitt samtykke. Dersom omsorgssvikta er vedvarande kan kommunen fremje sak om omsorgsovertaking til Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker.

Barneverntenesta består av tre avdelingar; undersøking, hjelpetiltak i familien og omsorgsavdelinga. Barneverntenesta har også ansvar for rekruttering av fritidskontaktar og tilsynsførarar i fosterheim, og rekruttering og godkjenning av besøksheimar for barnevern og helse. I tillegg har barneverntenesta koordineringsansvar for konsultasjonsteamet mot val og overgrep i kommunen.

Der er ingen endring i korleis du tar kontakt med barneverntenesta.

Les meir her: <https://bjornafjorden.kommune.no/helse-og-velferd/familiens-hus/barnevern/barnevern/>

Førebygging og lågterskel

For å sikre god førebygging og lågterskeltilbod til barn, unge og familiar i Bjørnafjorden kommune er det i Eining barn, unge og familiar eit Familieteam og eit Ungdomsteam.

Familieteamet

Familieteamet består av kommunepsykologar og familierettleiarar, og er eit lågterskeltilbod som alle kan ta kontakt med.

Målgruppa til Familieteamet er:

- Barn og unge 0-18 år og deira føresette
- Barn og ungdommar som strever med utfordringar knytt til psykisk helse, trivsel, utvikling eller reaksjonar på vanskelege hendingar
- Føresette som strevar med samspelet med barnet sitt
- Vanskar som ikkje utløyser rett til helsehjelp i spesialisthelsetenesta
- Vanskar som kan avhjelpast innanfor ei lågterskelramme
- Familieteamet har faste møter ein gong i veka der ein vurderer og fordelar innmeldingane. Familieteamet arbeider også på vedtak frå barneverntenesta.

Familieteamet: <https://bjornafjorden.kommune.no/helse-og-velferd/familiens-hus/barn-unge-og-familiar/familieteamet/>

Ungdomsteamet

Ungdomsteamet består av tilsette med miljøterapeutisk kompetanse knytt til ungdomsoppfølging. Ungdomsteamet driftar Ung arena og deltek på Fjord'n Arena

Målgruppa for ungdomsteamet:

- Gruppeoppfølging i skuletid
- Individuell oppfølging
- Miljøterapeutisk arbeid i skule
- Miljøterapeutisk på Ung Arena

Ung Arena: <https://bjornafjorden.kommune.no/kultur-idrett-og-fritid/ung-arena/>

Fjorden Arena: <https://bjornafjorden.kommune.no/kultur-idrett-og-fritid/idrett/fjorden-arena/>

Korleis kome i kontakt med Familieteamet og Ungdomsteamet?

- **Barn/unge og føresette** kan ta kontakt via lågterskeltelefon 948 52 814. Telefontid måndag og onsdag kl. 12.15-13.15
- **Tilsette i Bjørnafjorden kommune** kan ta kontakt ved å bruka innmeldingsskjema på: <https://innsio.bjornafjorden.kommune.no/skjema/>
- **Eksterne fagpersonar og føresette/ungdom** kan ta kontakt ved å bruka innmeldingsskjema på <https://bjornafjorden.kommune.no/helse-og-velferd/familiens-hus/barn-unge-og-familiar/familieteamet/>
- **Barneverntenesta** tilviser til rettleiing gjennom eigne rutinar.

Innmelding forutset samtykke frå føresette og ungdom over 15 år.

Laget kring barnet - Tverrfagleg drøftingsteam

Familiens hus har som mål å sette barn, unge og familiar i sentrum og å få til eit betre tverrfagleg samarbeid. For å få dette til er ein avhengig av at fleire samarbeider om å gje rett hjelp til rett tid. Nokre gongar kan det vere behov for å drøfte saker på tvers av sektorar, einingar og andre hjelpeinstansar. Familiens hus har difor etablert eit tverrfagleg drøftingsteam der heile «laget kring barnet/familien» kan møtast og samordna den hjelpa barnet, ungdommen eller familien treng. Laget kring barnet/familien omfattar alle tilsette som arbeider med familien. Drøftinga skal alltid skje etter samtykke frå føresette og ungdom over 15 år. Møtet skjer som hovudregel utan at ungdom og foreldre er til stade.



Det tverrfaglege drøftingsteamet består av:

- Leiar Familiens hus
- Leiar Førebyggjande helseteneste
- Leiar og avdelingsleiarar Barn, unge og familiar
- Leiar Barneverntenesta
- Kommunepsykolog

Laget kring barnet/familien:

Når ei sak vert meldt inn til tverrfagleg drøftingsteam vil «laget kring barnet/familien» bli invitert inn i møtet. Det betyr at andre tilsette som arbeider med barnet/familien eller er aktuelle hjelpeinstansar kan delta i drøftinga.

Kven kan ta kontakt med tverrfagleg drøftingsteam?

Alle som arbeider med barn og unge og deira familiar i Bjørnafjorden kommune.

Korleis kome i kontakt med tverrfagleg drøftingsteam?


Innmeldingsskjema og samtykkeskjema finn du her:

For tilsette i Bjørnafjorden kommune: <https://innsio.bjornafjorden.kommune.no/skjema/>

For eksterne fagpersonar: <https://bjornafjorden.kommune.no/helse-og-velferd/familiens-hus/tverrfagleg-droftingsteam/>

Dei faste deltakarane i tverrfagleg drøftingsteam har møte kvar torsdag kl. 12.00 – 14.00 i Dragesetbygget. Ein gong per måned deltar også representantar frå Barne- og ungdomspsykiatrien (BUP). Når ei sak vert meldt inn til tverrfagleg drøftingsteam vert det gjort ei vurdering av kven som skal delta i møtet. Outlook-kalender vert nytta for innkalling.

Referat frå møtet vert sendt til innmeldar i etterkant. Innmeldar har ansvar for å informere føresette, og evt. barn/ungdom, om resultatet av drøftinga.



Illustrasjon av «Ei dør inn» i Familiens hus

I etableringa av Familiens hus har det vore eit overordna mål å betre det tverrfaglege samarbeidet og lågterskeltilbodet til barn, ungdom og familiar. Illustrasjonen som følgjer viser korleis ein kan kome i kontakt med tverrfagleg drøftingsteam, Familieteamet og Ungdomsteamet i Bjørnafjorden kommune.

